

Forbøn på Skjærtorsdag

ML | Lat oss be.

Gud, vår Far; I denne natta, då han vart sviken, vaska Jesus føtene til læresveinane. Vi ber deg: Gje oss kraft til å følgje eksempelet hans og tene kvarandre i kjærleik.

A | Kyrkjelydssvar

ML | I denne natta, då han braut brødet, bad han om at dei alle skulle vere eitt. Vi ber deg: Styrk di kyrkje på jorda og gi einskap mellom dei truande.

A | Kyrkjelydssvar

ML | I denne natta bad han for dei som kom til tru gjennom vitnemålet til læresveinane. Vi ber deg: La evangeliet bli forkynt til frelse, frigjering og håp.

A | Kyrkjelydssvar

ML | I denne natta bad han læresveinane om å vise kjærleik, men vart sjølv utstøytt og forakta. Vi ber deg: Hald di hand over alle som er einsame og åleine.

A | Kyrkjelydssvar

ML | I denne natta møtte han verdas hat. Han bad for sine læresveinar, at dei skulle bli bevart frå det vonde. Vi ber deg: Ver hos dei som blir utsette for menneskes vondskap og er forfølgd for si tru.

A | Kyrkjelydssvar

ML | I denne natta løfta han frelsesbegeret og gjekk lydig mot døden. Han gav oss håpet om at vi ein gong skal sjå hans herlegdom og vere der han er. Vi ber deg: Hald håpet levande i oss. Lat oss finne kvile hjå deg, til du reiser oss opp på oppstodas morgon.

A | Kyrkjelydssvar